



Opinion:

Innbyggjarundersøking Kommunereforma


Undersøkinga er gjennomført for
Ålesund kommune

Opinion AS

Mai 2016

Kort om undersøkinga

- **Bakgrunn og mål:** Kartleggje haldningar og kunnskap knytt til kommunereforma blant innbygarane i Ålesund kommune
- **Oppdragsgjevar:** Ålesund kommune
- **Kontaktperson:** Tore Hals, Ålesund kommune
- **Målgruppe:** Representativt utval av innbygarane (16 år+)
- **Talet på respondentar (n=):** 1000
- **Metode:** Telefonundersøking (CATI)
- **Vekting:** Resultata er vekta på kjønn og alder
- **Tidspunkt for datainnsamling:** 2. – 11. mai 2016
- **Feilmargin:** Sjå feilmargintabell side 5
- **Spørjeskjema:** 11 hovudspørsmål, 5 bakgrunsspørsmål
- **Ansvarleg konsulent:** Henrik Høidahl, hh@opinion.no, tlf. 992 61 015



Kilde:

- <https://no.wikipedia.org/>
- <https://en.wikipedia.org/>


Kommunereforma

Kommunesamanslåing har stått på agendaen dei siste åra. Det er 50 år sidan siste kommunereform og mykje har skjedd når det gjeld oppgåver og ansvar sidan den gong. Stortinget har gjort tilslutning om å gjennomføre ei ny kommunereform som skal gje ny kommunestruktur og nye oppgåver til kommunane. Målet er større og meir robuste kommunar. Dette blir rekna som nødvendig for å møte morgondagen sine utfordringar og stadig aukande forventningar hjå innbyggjarane.

Ei innbyggjarhøyring, som verktøy i kommunereforma, vil...

- 1) Gje innspel og kunnskap, blant anna til dei folkevalde, om kva innbyggjarane i kommunen er opptekne av og kor dei kjenner tilhøyring
- 2) Identifisere synet til innbyggjarane på kommunesamanslåing
- 3) Føre til auka merksemd om kommunereforma og heve innbyggjarane sitt engasjement rundt reforma

I denne rapporten er resultatata på hovudtalsnivå (totalbasen) lagt inn i grafane. For nedbrytingar på bakgrunnsspørsmål viser vi til resultattabellar i Excel.



Kilde:

- <https://no.wikipedia.org/>
- <https://en.wikipedia.org/>

Om undersøkinga

Samansetting av utvalet og representativitet

- Målgruppa, 16 år og eldre, kan identifiserast i sentralt befolkningsregister
- I kvart område av kommunen blir det trekt eit tilfeldig utval, der alle har same muligheit til å bli valt
- Utvalet blir med andre ord tilrettelagt ved sannsynsutval
- Utval blir trekt på postnummer
- Dette gjev eit godt og representativt utval i tettstadane
- Vidare blir det vekta på kjønn og alder slik at utvalet i undersøkinga speglar folkesamansetnaden i kommunen



Kontrollrutinar

- Samarbeidspartnar på datainnsamling, Norstat Norge AS, og Opinion AS har gode kvalitetsrutinar for å avdekkje skeivheiter i utvalet og eventuelle feil i samband med datainnsamlinga. Desse rutinane inkluderer:
 1. Rett rekruttering/opplæring av intervjuarar
 2. Innlytting/vegleriing gjennomført av spesialopplærde vegleiarar/intervjuleiarar på produksjonsstaden
 3. Dialerstatistikk på kvar intervjuar si arbeidstid, inkludert gjennomsnittleg intervjutid, talet på fråfall og pålogga tid
 4. Kontroll av svarmønster på intervjuarnivå, der det blir fokusert på eventuelle avvik i svara som er gitt
 5. Minst mulig grunnlag for at intervjuar skal kunne påverke utval av respondentar
 6. Råmaterialet er gått nøye igjennom før veking av data, vidare bearbeiding og rapportering



Feilmargintabell

Alle undersøkingar har feilmargar. Feilmarginane heng saman med statistisk uvisse. Dette er skeivheiter i utval, som medfører at utvalet ikkje er identisk med universet eller målgruppa. Skilnadar kan knyte seg til bestemte kjenneteikn eller åtferd.


Feilmarginane ved ulike utvalstorleikar og prosentresultat ved 95% signifikansnivå er synt i tabellen til høgre.

Ved ein base på 1000 (n=1000) kan vi med 95% sannsyn seie at det korrekte resultatet ligg innanfor $\pm 1,4$ og $\pm 3,1$ prosentpoeng, avhengig av prosentresultatet sin storleik. Uvissa er størst ved eit prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultat på 5%/95%.


	Prosentresultat									
	5,0 %	10,0 %	15,0 %	20,0 %	25,0 %	30,0 %	35,0 %	40,0 %	45,0 %	50,0 %
Utvalsstorleik										
25	8,5 %	11,8 %	14,0 %	15,7 %	17,0 %	18,0 %	18,7 %	19,2 %	19,5 %	19,6 %
50	6,0 %	8,3 %	9,9 %	11,1 %	12,0 %	12,7 %	13,2 %	13,6 %	13,8 %	13,9 %
75	4,9 %	6,8 %	8,1 %	9,1 %	9,8 %	10,4 %	10,8 %	11,1 %	11,3 %	11,3 %
100	4,3 %	5,9 %	7,0 %	7,8 %	8,5 %	9,0 %	9,3 %	9,6 %	9,8 %	9,8 %
150	3,5 %	4,8 %	5,7 %	6,4 %	6,9 %	7,3 %	7,6 %	7,8 %	8,0 %	8,0 %
200	3,0 %	4,2 %	4,9 %	5,5 %	6,0 %	6,4 %	6,6 %	6,8 %	6,9 %	6,9 %
250	2,7 %	3,7 %	4,4 %	5,0 %	5,4 %	5,7 %	5,9 %	6,1 %	6,2 %	6,2 %
300	2,5 %	3,4 %	4,0 %	4,5 %	4,9 %	5,2 %	5,4 %	5,5 %	5,6 %	5,7 %
400	2,1 %	2,9 %	3,5 %	3,9 %	4,2 %	4,5 %	4,7 %	4,8 %	4,9 %	4,9 %
500	1,9 %	2,6 %	3,1 %	3,5 %	3,8 %	4,0 %	4,2 %	4,3 %	4,4 %	4,4 %
600	1,7 %	2,4 %	2,9 %	3,2 %	3,5 %	3,7 %	3,8 %	3,9 %	4,0 %	4,0 %
700	1,6 %	2,2 %	2,6 %	3,0 %	3,2 %	3,4 %	3,5 %	3,6 %	3,7 %	3,7 %
800	1,5 %	2,1 %	2,5 %	2,8 %	3,0 %	3,2 %	3,3 %	3,4 %	3,4 %	3,5 %
900	1,4 %	2,0 %	2,3 %	2,6 %	2,8 %	3,0 %	3,1 %	3,2 %	3,3 %	3,3 %
1000	1,4 %	1,9 %	2,2 %	2,5 %	2,7 %	2,8 %	3,0 %	3,0 %	3,1 %	3,1 %

Utvalet i Ålesund kommune, 16 år+, n=1000


Kjønn



Alder




Høgaste fullførte utdanning



Buset i kommunen




Arbeidsplass/studiestad



Signifikant fleire har stor interesse enn liten interesse for kommunereforma

1. Stortinget har sett i gang eit arbeid med ei kommunereform for å endre på dagens kommunestruktur med nye og utvida oppgåver. Kva er ditt forhold til kommunereforma? Vil du seie at du ...




- 40 % av innbyggerane seier at dei har svært stor eller ganske stor interesse for kommunereforma. Det er signifikant fleire enn dei som er ganske eller svært lite interessert (20 %). Meir enn kvar tredje innbyggjar (39 %) seier at dei verken har liten eller stor interesse for reforma. Dei over 45 år er meir interessert enn dei under 45 år. Dei mellom 16-19 år svarer i større grad enn dei andre gruppene «verken eller» og «veit ikkje».

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
5	13%	7%	6%	10%	10%	13%
4	30%	30%	15%	31%	39%	37%
3	35%	44%	45%	43%	36%	33%
2	13%	11%	18%	10%	11%	9%
1	10%	7%	15%	6%	5%	8%
Snitt	3,2	3,2	2,8	3,3	3,4	3,4

Gjennomsnittsverdi: 1,0 om alle hadde svart «er svært lite interessert», 5,0 om alle hadde svart «har svært stor interesse».

Signifikant fleire svarer lite enn mykje på spørsmålet om ei endring i kommunestrukturen vil påverke kvardagen

2. I kva grad trur du ei endring i kommunestrukturen vil påverke din kvardag framover? Vil du seie at det vil påverke deg ...




- 47 % av innbyggerane trur at ei endring i kommunestrukturen vil påverke kvardagen svært eller ganske lite, mot 24 % som seier svært eller ganske mykje. Skilnaden er statistisk signifikant. 26 % av innbyggerane svarer verken lite eller mykje.
- Det er ein tendens til at menn i noe større grad enn kvinner svarer svært eller ganske lite.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
5	5%	4%	5%	4%	6%	3%
4	18%	20%	15%	19%	23%	18%
3	22%	31%	27%	30%	25%	24%
2	27%	23%	24%	28%	22%	25%
1	26%	18%	24%	17%	22%	26%
Snitt	2,5	2,7	2,5	2,7	2,7	2,5

Gjennomsnittsverdi: 1,0 om alle hadde svart svært lite, 5,0 om alle hadde svart svært mykje.

Eit fleirtal er positive til at dei 10 kommunane ønskjer å samle seg til ein ny kommune

3. Dei 10 kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund har inngått ein intensjonsavtale om å gå saman for å skape ein ny kommune i regionen. Korleis stiller du deg til at desse kommunane ønskjer å samle seg til ein ny kommune? Er du ...




- 57 % av innbyggerane seier at dei er svært eller ganske positive til at dei 10 kommunane ønskjer å samle seg til ein ny kommune. 21 % er svært eller ganske negative, medan 22 % svarer verken eller.
- Det er signifikant fleire menn (26 %) enn kvinner (18 %) som er svært positive. Dei mellom 30-59 år er noe meir positive enn dei under 30 år og over 60 år.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
5	26%	18%	17%	23%	26%	24%
4	34%	36%	32%	41%	38%	31%
3	22%	22%	29%	23%	16%	20%
2	10%	17%	16%	9%	13%	16%
1	7%	6%	7%	4%	6%	10%
Snitt	3,6	3,4	3,4	3,7	3,7	3,4

Gjennomsnittsverdi: 1,0 om alle hadde svart svært negativ, 5,0 om alle hadde svart svært positiv.

Nær 2 av 3 innbyggjarar trekkjer fram Sula og Giske som viktigast å få med i ein ny regionkommune

4. Dersom ikkje alle dei 10 kommunane blir med, kven meiner du er viktigast å få med i ein ny regionkommune? Vel ein eller fleire.




n=1000

- 64 % nemner Sula og 62 % nemner Giske - blant ni kommunar - som det er viktigast å få med i ein ny regionkommune, etterfølgd av Skodje (47 %) og Haram (27 %).
- Hareid, Sykkylven, Stordal og Sandøy og er dei kommunar som nemnes færrest gonger.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
1	64%	63%	55%	63%	68%	68%
2	65%	60%	47%	67%	69%	67%
3	49%	45%	32%	48%	57%	52%
4	29%	25%	12%	28%	32%	35%
5	20%	22%	16%	18%	29%	21%
6	10%	15%	10%	10%	18%	14%
7	11%	13%	9%	14%	16%	9%
8	8%	11%	6%	9%	12%	10%
9	6%	6%	5%	6%	8%	6%
Veit ikkje	15%	19%	26%	14%	14%	15%

Kjennskap til intensjonsavtalane

5. Ålesund har inngått ein intensjonsavtale om å gå saman for å skape ein ny kommune i regionen. I kva grad kjenner du til denne intensjonsavtalen? Kven av desse 5 utsegnene passar best til din situasjon?



n=1000


- Over halvparten av innbyggjarane har lest litt om avtalen (44 %) eller lest litt i avtalen (10 %). 4 % svarer at dei har lest heile avtalen.
- 25 % av dei under 30 år seier at dei ikkje veit noko om avtalen, mot 8 % i gruppa 60 år+. Jo eldre, desto høgare er andelen som har høyrte eller lest om avtalen.
- Det er ingen signifikante skilnader mellom kvinner og menn.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
1	15%	15%	25%	16%	10%	8%
2	27%	28%	37%	23%	26%	24%
3	43%	45%	28%	49%	49%	48%
4	11%	10%	8%	8%	11%	14%
5	5%	3%	1%	4%	4%	6%

Viktigast: Kvalitet på dei kommunale tenestene og tilrettelegging for næringsutvikling

6. Intensjonsavtalen inneheld visjon og mål og trekkjer fram nokre konkrete prinsipp. No nemner eg ulike punkt frå intensjonsavtalen. På ein skala frå 1 til 5, der 1 er ikkje viktig og 5 svært viktig (+ vet ikkje = ikkje les). Kor viktig er følgjande faktorar for deg?

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)




Tal i prosent, n=1000
Punkt er lest i tilfeldig rekkefølge
Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)

Viktigast: Utvikling av kollektivtilbodet og samferdselsprosjekt som bind den nye kommunen saman

7. No nemner eg ulike punkt frå intensjonsavtalen om samfunnsutvikling. På ein skala frå 1 til 5, der 1er ikkje viktig og 5 svært viktig (+ vet ikkje = ikkje les). Kor viktig er følgjande oppgåver for deg?

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)


■ 5 svært viktig ■ 4 ■ 3 ■ 2 ■ 1 Lite viktig ■ Veit ikkje Gjennomsnittsverdi (1 liteviktig – 5 svært viktig)



Tal i prosent, n=1000
Punkt er lest i tilfeldig rekkefølge
Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)

Nær 3 av 4 vil at lokalutval (kommunedelutval) skal veljast direkte av innbyggjarane

8. Intensjonsavtalen legg til grunn at den nye kommunen skal ha lokalutval (kommunedelutval). Korleis vil du at slike utval skal veljast?



n=1000


- Eit klart fleirtal (73 %) vil at lokalutval (kommunedelutval) skal veljast direkte av innbyggjarane. 22 % meiner at dei skal utpeikast av kommunestyret.
- Det er signifikant fleire menn (25 %) enn kvinner (18 %), og fleire i aldersgruppa 25-59 år (27 %) enn i dei andre gruppene, som vil at utvala skal utpeikast av kommunestyret.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
<i>Base</i>	508	492	252	253	237	258
Direkte vald	70%	75%	73%	74%	68%	75%
Utpeikast	25%	18%	19%	21%	27%	20%
Veit ikkje	4%	7%	8%	4%	5%	5%

Viktigaste lokaldemokratiske verkemiddel: Digital kommunikasjon mellom innbyggjar og kommune

9. No nemner eg ulike punkt frå intensjonsavtalen om lokaldemokrati. På ein skala frå 1 til 5, der 1er ikkje viktig og 5 svært viktig (+ vet ikkje = ikkje les). Kor viktig er følgjande lokaldemokratiske verkemiddel for deg?

Gjennomsnittsverdi: 1,00 om alle hadde svart lite viktig, 5,00 om alle hadde svart svært viktig (3,00 er midtpunktet)




Tal i prosent, n=1000
Punkt er lest i tilfeldig rekkefølge
Sortert på «Svært viktig» (verdi 5-1)

Signifikant fleire vil ha nynorsk enn bokmål som målform

Nær 1 av 4 vil ha nøytral målform

10. Intensjonsavtalen seier at den nye kommunen skal ha nynorsk som målform, men at folk kan få svar på bokmål og at skulane skal halde fram med sitt hovudmål. Er du einig i dette?




- 41 % er enig i at den nye kommunen skal ha nynorsk som målform, men at folk kan få svar på bokmål og at skulane skal halde fram med sitt hovudmål. Det er signifikant fleire enn dei som vil ha bokmål som målform. 23 % vil ha nøytral målform.
- I dette spørsmålet er det ingen signifikante skilnader mellom kvinner og menn eller mellom aldersgruppene, men det er ein tendens til at dei over 60 år i større grad svarer at dei vil ha nøytral målform (27 %).

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
Ja	41%	42%	45%	40%	37%	42%
Bokmål	30%	32%	30%	32%	35%	27%
Nøytral	23%	22%	20%	21%	22%	27%
Ikkje viktig	7%	4%	6%	7%	5%	4%

2 av 3 synes intensjonsavtalen er god

11. Ut frå den kunnskap du no har om intensjonsavtalen, synes du samla sett at dette er ein god avtale?



n=1000

- 67 % av innbygarane synes samla sett at intensjonsavtalen er god, 17 % synes ikkje det, medan 16 % ikkje veit.
- Det er signifikant fleire menn (71 %) enn kvinner (63 %) som synes avtalen er god.
- Det er signifikant fleire over 60 år (26 %) enn under 60 år (13 % - 15 %) som *ikkje* synes den er god. Med ref. til spørsmål 3: Dei over 60 år er meir negative til ein ny kommune i regionen enn dei under 60 år.

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-45 år	46-59 år	60 år+
Base	508	492	252	253	237	258
Ja	71%	63%	73%	70%	71%	55%
Nei	16%	18%	13%	13%	15%	26%
Veit ikkje	13%	20%	14%	18%	14%	19%



Innsikt som bringer deg videre

opinion.no

Opinion AS
Maridalsveien 13E
0178 OSLO
T: 21 300 400
E: post@opinion.no